



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Cathrine Tvedt Lorentzen, 5557 2113

Vår dato  
23.06.2016  
Dykkar dato  
09.05.2016

Vår referanse  
2016/6823 423.1  
Dykkar referanse  
15/4239

Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo

### Oppnemning av setjefylkesmann - Byggesak - Lindås - Gnr 139 Bnr 7 - Tveiten nedre - Byggeløyve for kai

Lindås kommune gav i vedtak av 16.03.2016 avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av kai og landgang på gnr. 139 bnr. 7.

Vedtaket vart påkla ga av Kåre Jordal, på vegne av Yvonne og Ola Johannes Jordal, ved brev av 06.04.2016.

Fylkesmannen gav den 03.02.2016 uttale til dispensasjon for byggeløyve for kai. Det går mellom anna fram av vår uttale at:

*«Fylkesmannen vil støtte opp om kommunen si vurdering i at tiltaket vil verte synleg og dominerande i strandsona, og vil føre til vesentleg endring av eksisterande landskap. Det er viktig å bevare strandsona slik ho no er, og hindre at ytterlegare inngrep skjer.*

(...)

*Fylkesmannen si vurdering er at omsyna bak kommunedelplanen og pbl. § 1-8 vert vesentleg tilsidesett dersom det vert gitt dispensasjon til bygging av kai og gangveg, jf. pbl. § 19-2 andre ledd første setning.*

*I tillegg kan Fylkesmannen heller ikke sjå at det ligg føre ei overvekt av grunnar for ein dispensasjon i denne saka, jf. pbl. § 19-2 andre ledd andre setning. Lova sine vilkår for dispensasjon er ikkje oppfylte.*

*Fylkesmannen rår i frå ein dispensasjon i denne saka.»*

Fylkesmannen finn at vår uttale i denne saka er så konkret at den er «egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet», jfr. Forvaltningslova § 6 andre ledd, når det gjeld handsaminga av klagesaken.

Fylkesmannen finn etter dette å sende saka til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for oppnemning av setjefylkesmann. Vi viser til dei vedlagte saksdokumenta.

Med helsing

Anne Kjersti Sande  
seksjonsleiar

Cathrine Tvedt Lorentzen  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:

Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Kåre Jordal	Klokkarstien 21	5911	ALVERSUND
Yvonne og Ola Johannes Jordal	Klokkarstien 22	5911	ALVERSUND